

Saksbehandlar: Statens vegvesen Region vest  
 Avdeling: Samferdsleavdelinga  
 Sak nr.: 14/527-1

## Tildeling av fylkeskommunale trafikktryggingsmidlar - trafikktryggingstiltak i kommunane - TIK-midlar 2014

Fylkesdirektøren rår fylkestrafikktryggingsutvalet til å gjere slikt vedtak:

1 Følgjande kommunar får tildelt TIK-midlar 2014

01 Flora kommune	333.000,-
12 Solund kommune	345.000,-
13 Hyllestad	225.000,-
16 Høyanger	132.000,-
17 Vik kommune	600.000,-
20 Sogndal kommune	220.200,-
22 Lærdal	102.000,-
24 Årdal kommune	247.650,-
26 Luster kommune	160.250,-
28 Askvoll kommune	390.000,-
29 Fjaler kommune	228.600,-
30 Gaular kommune	195.000,-
31 Jølster kommune	150.000,-
32 Førde kommune	210.000,-
38 Bremanger kommune	213.000,-
39 Vågsøy kommune	252.000,-
41 Selje kommune	208.000,-
43 Eid kommune	168.300,-
45 Gloppen kommune	500.000,-
49 Stryn kommune	120.000,-
Sum	5.000.000,-

### 2 Vilkår for tildeling

Tiltak som får løyving av Trafikktryggingstiltak i kommunane - TIK-midlar 2014, skal ferdigmeldast 30. november 2014. Midlar som ikkje er nytta innan fristen, går attende til fylkeskommunen. Jfr. pkt. 6 e) i «Instruks for forvaltning av tilskot til Trafikktryggingstiltak i kommunane - TIK-midlar».

Vedlegg:

Detaljoversikt innstilling for tilskot

Instruks for forvaltning av Trafikktryggingstilk i kommunane (TIK-midlar)

Andre dokument som ikkje ligg ved:

Søknader frå kommunane

---

**SAKSFRAMSTILLING**

---

**1. Bakgrunn****Bakgrunn for at saka er reist**

Sogn og Fjordane fylkeskommune har i år løyvt 5,0 mill. kroner til gjennomføring av trafikktryggingstiltak gjennom tilskotsordninga «Trafikktryggingstiltak i kommunane» (TIK-midlar)

Statens vegvesen orienterte i brev av 16.10.2013, kommunane om høve til å søkja om tilskot av TIK-midlar 2014.

Fylkestrafikktryggingutvalet (FTU) er ansvarleg for fordeling av tilskotet til kommunane. Som sekretariat for FTU har Statens vegvesen teke imot søknadene om tilskot.

”Instruks for forvaltning av Trafikktryggingstiltak i kommunane – TIK-midlar, er lagt til grunn ved innstilling.

Saksopplysningar - søknadane

20 kommunar har søkt om tilskot. Samla kostnader for alle søknadane er på om lag 18 millionar kroner, fordelt på 67 tiltak.

Innstilling

I innstillinga er det gjort framlegg om tildeling av heile løyvinga på kroner 5 mill. kroner.

Ved innstilling er følgjande lagt til grunn for tildeling av tilskot:

- At alle kommunar i utgangspunktet vert innstilt med tilskot
- Tiltak må stetta krava for tilskot
- Tiltak må vere prioritert i kommunal trafikktryggingssplan
- Sum av tildelt tilskot dei siste 3 åra
- Totalkostnad for tiltaket

Frå 2014 er tilskotsandelen auka til 75 pst. Då ramme for løyving til tilskotsordning held same nivået som tidlegare, er det derfor berre eit tiltak der denne tilskotsandelen er nytta. Dette på bakgrunn av at det i innstillinga vert lagt vekt på at alle søkjarane skal få del av løyvinga.

Ved innstilling med 75% tilskot er det teke utgangspunkt i at kommunen er inne i ein krevjande økonomisk situasjon og at tiltaket er viktig å få gjennomført.

For resten av tiltaka i innstillinga er det i hovudsak nytta ein tilskotsandel på 60 pst.

Der tiltak går til innstilling med redusert prosent under 60% er følgjande lagt til grunn:

- Høg kostnad på tiltaket
- Sum av tildelt tilskot dei siste 3 åra
- At det i tiltaket er element som ikkje ligg innafor kriteria for tilskot

At tiltak ikkje er innstilt med tilskot, eller at prioriteringar kommunen har gjort vert endra, skuldast i hovudsak:

- høg kostnad på tiltaket
- sum av tildelt tilskot dei siste tre åra
- at tiltaket det er søkt om ikkje stettar krav i «Instruks for forvaltning av tilskot til trafikktrygging i kommunane».

### **3. Konklusjon**

Fylkesdirektøren sluttar seg til Statens vegvesen si tilråding om at kommunane får tildelt tilskot i samsvar med innstillinga.